

Læreplan i vg3 hestefaget

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 1. juni 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 hestefaget handlar om hesten som ressurs i næring, sport og fritid. Faget skal gi lærlingane kompetanse i hald og bruk av hest, og drift av hesteverksemd. Vidare skal faget bidra til samspelet mellom samfunnet og hestenæringa, og til kunnskap om kva rolle hesten har for folkehelse, kultur, natur og miljø. Faget skal òg bidra til at hestenæringa har tilgang til sjølvstendige og omstillingsdyktige hestefagarbeidarar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 hestefaget skal bidra til kunnskapsbasert praksis og verdiskapande verksemd basert på kritisk tenking. Faget skal òg bidra til refleksjon og etisk medvit, som er ein føresetnad for å kunne balansere ulike behov opp mot kvarandre. Hestevelferd og sikkerheitstankegang er òg grunnleggjande verdier i vg3 hestefaget. Vidare skal faget bidra til at lærlingane får kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren, og om trepartssamarbeidet, der arbeidsgivarar, arbeidstakarar og myndigheiter jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv.

Kjerneelement

Hestevelferd

Kjerneelementet hestevelferd handlar om hald og bruk av hest på ein slik måte at det fremjar hestevelferd og hestehelse. Det handlar òg om stell og handtering, og å kjenne att og førebyggje helse- og åtferdsproblem. Det handlar vidare om kunnskapar om hesten sin natur, anatomi, fysiologi, fôring, sjukdommar og skadar. I tillegg handlar det om å reflektere over og respektere behova og eigenverdien til hesten.

Stalldrift og næringsverksemd

Kjerneelementet stalldrift og næringsverksemd handlar om å ha ansvar for og bruke hest i næringsverksemd, og om å drifte stall og anlegg. Det handlar òg om stallarbeid og bruk av reiskapar og verktøy som er vanlege i næringa. Vidare handlar det om korleis hald og bruk av hest påverkar menneske, samfunn og miljø, og korleis det ytre miljøet påverkar hesteaktiviteten. Kjerneelementet handlar òg om kundeservice og kommunikasjon med myndigheiter, oppdragsgivarar, kundar, kollegaer og nærmiljø. Dessutan handlar det om grunnleggjande økonomi, marknadsføring og næringsutvikling.

Sikkerheit og kvalitet

Kjerneelementet sikkerheit og kvalitet handlar om å utføre arbeid med hest i samsvar med gjeldande regelverk og på ein måte som tek vare på sikkerheita til ein sjølv, andre og hesten. Det handlar òg om kvalitetssikring av verksemda og å vurdere risiko i det daglege arbeidet. Vidare handlar det om samarbeid med andre yrkesgrupper og å lese og forstå språket og åtferda til hesten. I tillegg handlar det om rutinar og ansvar i arbeidet, og om å følgje utviklinga på fagområdet.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 hestefaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om korleis stallen som arena for menneske i alle aldrar på tvers av kjønn, livssituasjon og funksjonsevne øver opp evna til samarbeid og samhandling. Det handlar vidare om å handtere relasjonar mellom menneske og mellom menneske og dyr, og om å setje grenser og respektere andre. Det handlar òg om korleis omgang med hest kan bidra til folkehelsa gjennom fysisk aktivitet og fellesskap, og til utvikling av sjølvstende og sjølvbilete for den enkelte.

Berekraftig utvikling

I vg3 hestefaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om korleis hald og bruk av hest påverkar miljøet. Det handlar òg om utfordringar knytte til bruk av matjord og ressursar til areal, beite og produksjon av hestefôr, og om korleis hesten bidreg til å ta vare på kulturlandskapet og utnyttar område som ikkje er eigna for dyrking.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 hestefaget inneber å lytte, gi respons, rettleie andre, grunngi val fagleg og diskutere forslag og løysingar. Vidare inneber det å bruke fagspråk i samarbeid med kollegaer, kundar og andre yrkesgrupper, og tilpasse kommunikasjonen til mottakar og formål. Refleksjon over eige arbeid og presentasjon av arbeidet for ulike målgrupper inngår òg.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 hestefaget inneber å rapportere og dokumentere arbeid med hest, og føre oversikt over planlagt og utført arbeid. Vidare inneber det å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve. Det inneber òg å lage kvalitetssystem og rutinebeskrivingar, og å kommunisere skriftleg med andre.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 hestefaget inneber å lese og forstå språket og åtferda til hesten, og å lese og forstå ulike fagtekstar, instruksar og regelverk. Vidare inneber det å hente inn informasjon på ein effektiv måte, bruke kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve, og å tileigne seg fagkunnskap i debattar om næringa og næringsinteresser.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 hestefaget inneber å setje opp, bruke og behandle tal og utrekningar i drifts- og økonomistyring, ulike tabellar, diagram og enkel statistikk. Vidare inneber det å velje framgangsmåtar og å stille inn og tilpasse utstyr. Det inneber òg å setje opp trenings- og framdriftsplan, fôrplan og oversikt over fôrbehov, berekne arealbehov og materialforbruk, rekne med ulike parametrar og vurdere utforming av bygningar, anlegg og uteområde til hest.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 hestefaget inneber å bruke digitale ressursar i arbeid med hest, dagleg drift og kommunikasjon med kundar og andre. Vidare inneber det å søkje etter og hente inn informasjon og å utvikle etisk medvit og vise digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 hestefaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere stell, bruk og hald av hest
- arbeide med hest etter gjeldande regelverk og standardar for dyrehald, og gjere greie for relevante organisasjonar og offentlege forvaltningsorgan
- beskrive forretningsidé, organisering og eige ansvarsområde, og vurdere samanhengen mellom innsatsfaktorar og økonomisk resultat og korleis bedrifta kan utviklast vidare
- utarbeide og bruke system for internkontroll og kvalitetssikring i den daglege drifta av stallen
- avdekkje kva behov kunden har, marknadsføre eit produkt eller ei teneste og yte profesjonell kundebehandling

- beskrive språket, reaksjonsmåtane og instinkta til hesten, handtere han på ein trygg og etisk forsvarleg måte, og reflektere over eige kroppsspråk og stemmebruk
- ta hand om behova hesten har for fridom og flokkliv, og vurdere korleis fôring, stell, utegang og bevegelse kan fremje velferd og helse
- gjennomføre fôring med utgangspunkt i fôranalyse og fôrkvalitet, velje fôr og berekne fôrmengd med tanke på rase, alder og bruksområde
- berekne behov for og reflektere over bruk av ressursar, areal og matjord til hestehald og fôrproduksjon, og drøfte korleis beitebruk påverkar ulike hestar, kulturlandskap og miljø
- beskrive normal utvikling, åtferd, utsjånad og bevegelse for hesten, gjere greie for reproduksjon og vurdere kva ulike hestar er eigna til
- identifisere og førebyggje smerte, mistrivsel, sjukdommar og skadar, og utføre mønstring, enkel sårbehandling og medisinerer av hest og vurdere når det er nødvendig å tilkalle veterinær
- bruke fagspråk som er tilpassa mottakaren i kommunikasjon og samarbeid med fagfolk, kundar, kollegaer og andre
- arbeide etter hygieniske prinsipp og vurdere smittefare og setje inn smitteverntiltak
- vurdere risiko knytt til stalldrift, bruk, handtering og transport av hest, og utføre tiltak som tek vare på helse, miljø og sikkerheit for dyr og menneske
- drive tilsyn, utføre enkelt vedlikehald og vurdere utforminga av bygningar, innreiingar og anlegg for hest
- velje, tilpasse, bruke og halde ved like utstyr og reiskapar ut frå bruksområde og behov
- bruke hest på ein allsidig måte og etter eit oppsett treningsprogram, vurdere korleis trening påverkar hesten, og velje øvingar og treningsmetodar ut frå nivået og alderen til hesten
- handtere hestar i ulike aldre og i ulike situasjonar og gjere greie for faktorar som kan påverke åtferda til hestar
- skifte broddar, trekkje til saum og ta av sko, og vurdere behovet for verking og skoning ut fra bruksområdet til hesten
- respektere og vise omsyn til menneske og miljø og opptre varsamt ved bruk av hest i utmark, trafikk og nærområda til stallen, og drøfte korleis stallen som arena kan være ein samlingspunkt for ulike menneske
- gjere greie for dei særnorske hesterasane og betydninga deira for kulturarv, og drøfte kva rolle hesten har og har hatt i samfunnet og for folkehelsa
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforhold i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 hestefaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 hestefaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 hestefaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme over minst tre yrkedagar.